



Birte og Eirik var ein vellukka kombinasjon

Det var mykje fint og lovande å oppleve under den rekordstore Ungdommens Kulturmønstring i Kulturhuset på Husnes i ettermiddag. Men ein 16-åring frå Brekkeskogen i Uskedalen imponerte kanskje mest. Birte Nybakk framførte ein ballade av Taylor Swift med slik varme og profesjonalitet at det vart belønna med trampeklapp. Men så var det da også tredje gongen den lovande songaren var med i UKM. Den like gamle Erik Brakestad frå Husnes akkompagnerte henne på gitar og la også for dagen eit uomtvisteleg talent.

Også 2 til frå Brekketoppen var med - Birtes syster Frida (13) og Ronya Lakselv (12). - og heller ikkje dei har nokon grunn til å skamma seg over tolkinga av ein annan Taylor-låt. Det seier litt om posisjonen til den unge britiske artisten at også ein tredje av låtane hennar vart sunge i mønstringa.

80 unge var med i arrangementet denne gongen og den store oppslutnaden skuldast at Undarheim stilte med 40 sjuandeklassingar åleine i det avsluttande og mektige Grease-nummeret. Det var også fleire dansenummer som minte om at dans er in for tida.

Songnumra var naturleg nok av blanda kvalitet. Ellers likte vi svært godt gutane i Dixie Band som verkeleg fekk det til å svinga med klassisk rock. Og ein bør ikkje gløyma kvartetten Secrets der samtlege er elevar ved musikklinja på Stord. Det må vera ein fruktbar utdanningsstad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ronya og Frida sang også ein Swift-song